



## Kva er eit enkeltvedtak?

Dersom eit barn har behov for **spesialundervisning** eller **særskilt språkopplæring**, må rektor gjera eit enkeltvedtak som seier noko om kva opplæring barnet skal ha.

Eit enkeltvedtak er eit juridisk bindande dokument som ut frå sakkunnig vurdering eller kartlegging, seier kva opplæring skulen pliktar å gje barnet ditt.

I enkeltvedtaket skriv rektor korleis undervisninga skal føregå.

- Kva læreplan og kompetansemål eleven skal arbeida med, innhald i opplæringa
- Kor og kva tid eleven vil få denne opplæringa, det kan vera:
  - tilbod om kurs nokre dagar i veka
  - undervisning i lita gruppe
  - ekstra støtte inne i klassen
  - ein til ein undervisning

De som føresette har klagerett på enkeltvedtaket, dersom de ikkje synest at tilbodet er godt nok, eller ikkje møter barnet sine behov. Klagen må vera skriftleg og levert skulen innan 10 dagar etter at de har blitt gjort kjent med innhaldet i enkeltvedtaket.